385/1934.

Oslo, 17. april 1934.

Til Arbeidsdepartementet.

I brev dagsett 10. d.m. hev det kongl. departement spurt um det frå Riksarkivet er noko i vegen for at vedlegg til reknskap for vegbygging o. dil. i tidi frå 1850-åri til budgettåret 1916-1917 no vert kassera.

Til svar på dette skal eg få lov til å melda at Universitetets Økonomiske Institutt, som arbeider med å granska prisar og løner i Noreg i det 19. og 20. hundradåret, hev bore fram ynske um å få høve til å gå igjenom dei nemnde rekneskapsvedleggi. So framt det kongl. departement vil gjeva Instituttet løyve til det, hev Riksarkivet ikkje noko imot at vedleggi vert kassera etterpå.

A. St.

Oslo, 3. februar 1936.

120/1936.

Til Kyrkjedepartementet.

Riksarkivet hev ingen merknad å gjera til det "utkast til rundskrivelse til styrene for en rekke stiftelser og legater" som vart sendt hit med brev 31. f. m. frå det kgl. departement (j.nr. 704/1935. C.).

A. St.